

# Referat frå møte i Skodje sokneråd

Dato: 22.8.2024 kl 20.00

Stad: Kyrkjebrakka

Til stades: Arnstein Sæthre, Bitten Kvilekval, Lars Flåte, Bente Vadset, Knut Bjune, Jan Løkkeborg, sokneprest, Astrid Josefine Eide, dagleg leiar.

Forfall: Tove Solheim Kristensen, Ragnvald Holvik

Vedtaksføre: 6

## Sakliste:

### Godkjenning av referat.

Møtebok frå møta den 29.2; 25.4; 20.6, godkjend med ei tilføying i referatet frå 20.6. Tillyste møter 21.3 og 23.5 vart avlyst.

## Orienteringssaker:

**Frå stab:** Jan orienterte om at Julie vil starte opp ei tweensgruppe. Ho treng litt praktisk hjelp til gjennomføringa.

**Frå Astrid Eide:** Ho har nyleg tatt til som dagleg leiar i kyrkjelyden og har i og tilsvarende rolle i Ørskog og Spjelkavik kyrkjelydar. Det er ikkje vedteke ei fast fordeling av stillinga mellom kyrkjelydane, men vurderer behova. Ho vil prioritera sakshandsaminga for soknerådet.

### Sak 20/24 Signaturrett for ny dagleg leiar

Saka går ut sidan det ikkje lenger trengst eige vedtak i soknerådet om signaturrett.

### Sak 21/24 Rekneskapsrapport 1.halvår 2024

Rapporten frå 1 halvår syner om lag 40.000 mindre i resultatregneskapet for 1. halvår.

**Vedtak:** Rekneskapsrapporten for 1. halvår teke til vitande

### Sak 22/24 Spørsmål til kyrkjeleg fellesråd om oppgraderingar i kyrkja:

Det er fleire behov for vedlikehald i Skodje kyrkje. Nokre prosjekt er meir krevjande enn andre. Soknerådet vil gjere Fellesrådet merksam på desse sakene:

- **Raparasjon av inngangsdør mot sør.** Døra fekk ein skade av ei kraftig vindbyge i januar 2023 og ei stor flis av døra vart slått laus. Det er denne døra vert nytta mest og det ser ikkje pent ut. Saka har vore innmeldt og purra ein rekke gonger utan at noko har skjedd. Soknerådet ber om at det no vert fortgang i reparasjon av denne døra.
- **Lys i korparti.** Lyssettinga i koret er svak og gammal. Gamle lysrørarmaturar høgt opp under taket bør skiftast ut og erstattast av nye og moderne spotlys.
- **Tregolvet** mellom først benkerad og kortrappa flisar seg opp og det er uhaldbart når born sit på golvet ved ulike høve. Det må ofte takast ut fliser av kleda deira og dei kan og få flisene på hender og føter når dei sit på golvet. Det må gjerast ei vurdering av moglege tiltak.
- **Teppet i midtgangen** og tverrgangen har ikkje vore særslig haldbart. Det er oppflisa i kantane og treng fornying.
- **Den gamle altertavla**, utskore av Tavle-Jakob er eit særs verdifullt kulturminne og har ein framtredande plass i kyrkjerommet. Det er behov for reinsing av ho og det må gjerast av kvalifiserte folk. Det hadde og vore vakkert med litt lyssetting av tavla.
- Det står **ein gammal nattverdkalk** i safen som ikkje kan brukast utan reparasjon. Når det er bruk for to utdelingsstader under nattverd, kunne han ha vorte nytta, dersom han vart sett i stand.
- **Ny trapp mot vest.** Trappa er bratt og lang når ei båre skal berast ut ved gravferd. I

tillegg er varmekabelen ikkje lagt langt nok fram i trinnet slik at det frys is yst på trinnet, noko som har ført til at folk har sklidd i trappa. Soknerådet ønskjer at heile trappa fornyast og at den delen av trappa som vender mot sør kan erstattast av ei rampe, sjølv om ho blir litt brattare enn kravet til universell utforming. Det er kravet er innfridd i den mest brukte inngangen mot sør. Soknerådet ber om at prosjektering av ny trapp/rampe vert sett opp i budsjettet.

**Vedtak:** Soknerådet gjer Fellesrådet merksam på behovet for vedlikehaldet som er lista opp for Skodje kyrkje og bed om at driftsleiar vert innkalla til neste soknerådsmøte for synfaring og drøfting av korleis dette kan løysast.

### **Sak 23/24 Dato for kyrkjebasar 2025**

**Vedtak:** Neste kyrkjebasar vert 15. mars 2025. Alternativt den 22. mars, dersom bedehuset ikkje er ledig den 15. Bente sjekkar og reserverer bedehuset etter denne prioriteringa og gjev tilbakemelding på neste møte

### **Sak 24/24 Oppnemning av utvalsmedlemmer: (ref sak 55/23)**

I soknerådet sine utval skal medlemane anten re-oppnemnast eller supplerast. Dette arbeidet er påbegynt, men ikkje ferdig. Det gjeld særleg Diakoniutvalet og komité for kyrkjebasaren. I tillegg treng NAMU-utvalet fleire medlemmer. Kulturutvalet kan vente til ny kantor er tilsett. Lars Flåte er tidlegare oppnemnd til kyrkjestovekomiteen. Arnstein syter for å informera komiteen om dette og vedtak som gjeld kyrkjestova.

Knut la fram forslag til utvalsmedlemmer og kan ta på seg å spørje desse.

**Vedtak:** Knut får i oppdrag å spørje forslag til medlemmer i diakoniutvalet og NAMU-utvalet. Arnstein spør foreslått kandidat til å leie kyrkjebasarkomiteen og komitéleiar supplere med fleire medlemmer, gjerne frå førre komité.

### **Sak 25/24 Gudstenesteplan 2025:**

Forslag gudstenestelista for 2025 vart lagt fram for soknerådet. Soknerådet drøfta framleggget og har eit ønske om at det setjast opp slik at det blir gudsteneste kl 11.00 annakvar søndag og at den tredje søndagen i månaden blir ei kveldsgudsteneste.

**Vedtak:** Soknerådet ber prestane i Skodje og Ørskog samordne gudstenesteplanen frå 2025 slik at gudstenestetilbodet vert mest mogleg regelmessig på begge stader, i hovudsak annakvar søndag kl 11, pluss ei kveldsgudsteneste i månaden i Skodje. Nytt framlegg til plan leggast fram på neste møte.

### **Sak 26/24 Møteplan, hausten 2024**

**Vedtak:** 19. september; 24. oktober; 21. november, møte i desember dersom det er behov.

Referent: Knut